

Notat

Dato: 20.09.2018
Arkivsak: 2018/13843-4
Saksbehandlar: benutne

Til: Utval for miljø og samferdsel, Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Fv 7 som omkøyringsveg for E16 – møte med Kvam herad og Statens vegvesen

Seint om kvelden den 29. august vart E16 ved Kluffafjellstunnelen (mellom Dale og Voss) stengt etter eit steinras.

Som vanleg vart det opplyst at omkøyringsveg var Fv 7 gjennom Hardanger. 30. august var det uvisst når vegen ville opna, første informasjon var kl 10. Utpå dagen den 30. august oppstod det store trafikale problem med stillestående kø på Fv 7 mellom Ålvik og Granvin.

På bakgrunn av denne hendinga ba ordførar Jostein Ljones i Kvam herad om møte med Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen. Møtet vart halde 11. september, og ut frå dette sende Statens vegvesen svar til Kvam herad som forklarar hendinga og beresaksplanen som gjeld når Fv 7 er omkøyringsveg for E16. Følgjande dokument er vedlagt meldinga:

- Kvam herad ved ordførar Jostein Ljones sitt brev til Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen datert i Kvam 31. august (vedlegg 1)
- Møte 11. september mellom Statens vegvesen, Kvam herad og Hordaland fylkeskommune (vedlegg 2)
- Statens vegvesen Region vest sitt svar til Kvam herad (vedlegg 3).